

Detaljreguleringsplan Stakaldefossen del av gbnr 351/1 m.fl.

Sunnfjord kommune



Dokumentinformasjon

Oppdragsgjevar: Sunnfjord kommune
 Tittel på rapport: Detaljreguleringsplan Stakaldefossen del av gbnr 351/1 m.fl.
 Oppdragsnamn: Detaljregulering K2, K3 og K4
 Oppdragsnummer: 600660-05
 Utarbeidd av: Synne Alvilde Næss
 Oppdragsleiar: Karl Erik Johnsen
 Tilgjenge: Open

04	28. mai. 2025	Justering etter offentlig ettersyn	SAN	LLH
03	17.mars.2025	Justering etter tilbakemelding frå Sunnfjord kommune	SAN	
02	12. mars. 2025	Justering etter tilbakemelding frå Sunnfjord kommune	SAN	LLH
01	13. feb. 2025	Til gjennomlesing	SAN	LLH
Ver	Dato	Beskriving	Utarb. av	KS

Forord

Asplan Viak AS er engasjert av Sunnfjord kommune for å utarbeide ny detaljreguleringsplan for eksisterande veg ved Stakaldefossen, med tilhøyrande areal. Planområdet ligg innfor det varsla planområdet til detaljreguleringsplan Sunnfjord næringspark aust . Formål med planen er å sikre areal til voll som skjermar eksisterande bustader mot byggje- og anleggsområdet i søraust. Det er gjeve dispensasjon for å opparbeide grunnen i byggeområde K2-K4. I tillegg er det bygd privat veg til trafostasjon og tunnelinnslag til Jølstra kraftverk som ligg nord for byggeområde K4.

Karl Erik Johnsen har vore oppdragsleiar hjå Asplan Viak AS.

Leikanger, 17.03.2025

Karl Erik Johnsen

Oppdragsleiar

Lene Lindhardt Hammer

Kvalitetssikrar


Innhold

1. Bakgrunn for planframlegget	4
1.1. Lokalisering av planområdet	4
1.2. Planavgrensing	5
1.3. Formålet med planarbeidet	6
2. Planprosess og medverknad	8
2.1. Oppstartsmøte	8
2.2. Varsel om oppstart	8
2.3. Informasjon og medverknad	8
3. Planstatus og rammer for planarbeid	13
3.1. Planstatus	13
3.2. Rammeføresetnader og retningslinjer	16
4. Dagens situasjon	18
4.1. Dagens arealbruk	18
4.2. Landskap	19
4.3. Naturmangfald	20
4.4. Kulturminne	21
4.5. Friluftsliv	22
4.6. Landbruk	22
4.7. Infrastruktur	23
4.8. Naturfare	28
5. Omtale av planframlegget og verknader	31
5.1. Planlagt arealbruk	31
5.2. Verknader av planframlegget	37

1. Bakgrunn for planframlegget

1.1. Lokalisering av planområdet

Planområdet er lokalisert i Sunnfjord kommune, om lag 13 km frå Førde og 10 km frå Vassenden. Området som skal regulerast omfattar eksisterande privat tilkomstveg (Stakaldefossen) som leier opp til eksisterande bustadar, vannkraftanlegg og til trafostasjon. Tilgrensande område er i hovudsak eksisterande bustader og jordbruksareal. Elva Jølstra renn forbi planområdet i vest. Eigedom gbnr. 351/1, 351/2, 351/27 og 351/28, ligg innanfor planområdet.




Figur 1: Lokalisering av planområdet.



Figur 2: Utsnitt av området. Raud strek syner omtrentleg plassering av planområdet (AV-kartet).


1.2. Planavgrensing

Planområdet ligg innfor det varsla planområdet til detaljreguleringsplan Sunnfjord næringspark aust (planID: 4647-20220004).



Figur 3: Utsnitt til venstre syner varsla planområde Sunnfjord næringspark aust. Utsnitt til høgre syner planområdet for reguleringsplan veg Stakaldefossen, med blå linje.

Planavgrensinga i aust er sett i tråd med byggegrense for K4 i områdeplan for Moskog industriområde. I nordaust følgjer ein planavgrensinga for områdeplanen. Nord for og vest langs formålet f_KV2 går grensa 1,5m frå eksisterande vegkant. Langs eigedomen med gbnr. 351/15 følgjer ein eigedomsgrensa. I sørvest går planavgrensinga 1,5m frå breiddeutvidinga til vegen o_KV1. i Sør langs o_AVG går grensa langs eigedomsgrense, formålsgrense i områdeplan for Moskog industriområde og 1,5m frå fortauskant.



Figur 4: Figur som viser planavgrensning

1.3. Formålet med planarbeidet


Mål for planarbeidet

Formål med planarbeidet er å sikre areal til vegetasjonssone som skjermer eksisterende bustader mot byggje- og anleggsområdet i søraust. Det er gjeve dispensasjon for å opparbeide grunnen i byggeområde K2-K4. I tillegg er det bygd privat veg til trafostasjon og tunnelinnslag til Jølstra kraftverk som ligg nord for byggeområde K4.

Bakgrunn

Det er etablert veg til trafostasjon/nettstasjonen på Stakaldefossen som ikkje er i samsvar med gjeldande områdereguleringsplan.

Områdereguleringsplan Moskog industriområde (planid: 14312008001) frå 2013 gjeld for området, og vegen som går til trafostasjonen er opparbeidd i areal som er sett av til vegetasjonsskjerm a_V5, sjå figur under.



Figur 5: Utsnitt av områdeplan og dagens situasjon (Kommunekart).

Det er ynskje om å oppdatere arealformålet i reguleringsplan slik at dette vert i samsvar med gjeldande situasjon. Vegen Veg5_P og tilhøyrande anna veggrunn er ikkje opparbeidd. Det er ynskje om å endre arealet for Veg5_P, til areal for ei buffersone som skal skjerme eksisterande bustader mot kombinert byggje- og anleggsformål - Industri/Lager/Forretning/Vegservice anlegg - i søraust.

Det er ynskje om å utarbeide ny detaljreguleringsplan for arealet som er opparbeidd til veg til trafostasjonen på Stakaldefossen slik at regulert areal til veg 5_P med anna veggrunn kan ervervast i samband med opparbeiding av byggegrunn. Sidan gjeldande plan er eldre enn 10 år, vert det utarbeidd ny detaljreguleringsplan etter plan- og bygningslova § 12-3.

2. Planprosess og medverknad

2.1. Oppstartsmøte

Det er halde oppstartsmøte med Sunnfjord kommune, dato 14.06.2022, for oppstart av Detaljreguleringsplan Sunnfjord næringspark aust (planID: 4647-20220004).

Sunnfjord kommune har vurdert at det ikkje er nødvendig med nytt oppstartsmøte for Stakaldefossen. Det er halde eit avklaringsmøte 10.12.2024 for detaljreguleringsplanen for Stakaldefossen.

2.2. Varsel om oppstart

Sunnfjord kommunen har vurdert at det ikkje er nødvendig å varsla om oppstart av planarbeid for Stakaldefossen, sidan området inngår i varsel om oppstart av planarbeid for Sunnfjord næringspark aust 24.09.2022 (og seinare utvida plangrense 21.02.2023).

2.3. Informasjon og medverknad

2.3.1. Varsel om oppstart

Merknadar som er komne inn i samband med detaljreguleringsplan for Sunnfjord næringspark aust vert lagt til grunn i planarbeid med ny reguleringsplan for Stakaldefossen der det er høveleg. Det vart motteke 11 innspel/uttalar for Sunnfjord næringspark aust, inkludert innspel etter varsel om utviding. Under er hovudtrekk oppsummert.

Avsendar	Hovudtrekk i innspel
Statsforvaltaren i Vestland	Planframlegget må sjå på konsekvensar for landbruksdrift og på moglegheiter for å kompensere denne på anna vis for å redusere bidraget til nedbygging av jordbruksareal i kommunen. Planen må vurdere tema knytt til nedbygging av myr, støy og støv, ureining, naturfare og massehandtering. <u>Kommentar:</u> For planframlegget til Stakaldefossen er temaene støy og støv, naturfare og landbruksdrift omtalt.

Vestland fylkeskommune	Planen må ta omsyn til myr og det vert tilrådd å sjå på økosystemtenestene der. Det skal takast omsyn til arkitektur og landskap. Planområdet bør utvidast for å slik at det kan regulerast inn samanhengande gang- og sykkelveg frå avkøyrsla/krysset til Sunnfjord næringspark BKB1-2. Planarbeidet må elles sikre trygge og gode løysingar for gåande og syklande, og trygg skuleveg. <u>Etter varsel om utviding:</u> Viktig å sikre postvegen og eit vegetasjonsbeltet ikring han med omsynssone bevaring H570 i planen. I føresegnene til omsynssona må det stå at det ikkje er lov til å gjere tiltak i grunnen som kan skade postvegen. <u>Kommentar:</u> Planframlegget legg til rette for løysingar for mjuke trafikantar, med fortau langs vegen Stakaldefossen. Postvegen ligg ikkje innfor planavgrensinga til Stakaldefossen.
Noregs vassdrags- og energi- direktorat	Flaum, skred og mogleg samanhengande førekomst av marin leire må utgreiast nærare. <u>Kommentar:</u> Planområdet til Stakaldefossen ligg innfor aktsemdsområde for flaum og mogleg samanhengande førekomst av marin leire. Det er utarbeidd vurderingar for dette som ligg vedlagt planframlegget.
Statnett	Planen skal ivareta elektrisk anlegg. Elektrisk anlegg skal innarbeidast i plankartet som omsynssone med SOSI-kode H740 (båndlegging etter energiloven) og tilhøyrande reguleringsføresegner (plan- og bygningsloven § 11-8 d) / § 12-6). <u>Kommentar:</u> ingen elektriske anlegg innfor planavgrensinga for Stakaldefossen.
BKK Nett AS	Planen må sikre eksisterande høgspenlinjer og nettstasjonar innanfor planområdet med omsynssone og reguleringsføresegner. <u>Kommentar:</u> Ingen eksisterande høgspenlinjer eller nettstasjonar innfor planavgrensinga.
Statens Vegvesen	Planen må utvidast til å omfatte fv. 613 inn mot E39 x fv. 613, samt omfatte nok areal til å utbetre krysset i samsvar med krav i N100. Krysset må vere utbetra før det vert gjeve løyve til å etablere nye tiltak i planområdet. Det må sikrast tilbod til mjuke trafikkantar langs fv. 613 frå eksisterande industriområde og fram til Sunnfjord Næringspark aust. Verknadane planløysingane vil ha for vegtransport og vegnett må verte utgreidd og komme tydeleg fram av planomtale, risiko- og sårbarheitsanalyse og eventuell konsekvensutgreiing. <u>Kommentar:</u> Innspel gjeld i hovudsak Fv613 og E39 og tilhøyrande kryss som ligg utanfor planavgrensinga til Stakaldefossen. Deler av vegareal innfor planavgrensinga er regulert i tråd med dagens situasjon f_KV2 medan o_KV1 og o_FO er utarbeidd i tråd med krava i N100.

Førde IL Orientering	Planframlegget grip i vesentleg grad inn i terrenget for vårt orienteringskart «Ulvedalane». Realisering av planframlegget vil medføre at det aktuelle området neppe kan nyttast vidare til orienteringsidrett, og vil såleis redusere orienteringsverdien av kartet vårt. Ved gjennomføring planen er det viktig at kommunen er merksam på og tar omsyn til at planen grip inn i og skiplar eksisterande idrettsanlegg. Mogleg positivt å få nytte delar av Sunnfjord næringspark til parkering. <u>Kommentar:</u> Teke til orientering.
Jarle Lien Gnr. 351 Bnr. 22 Arthur Hauge Gnr. 351 Bnr. 19 Svein Myklebust og Brynhild U. Hopland Gnr. 351 Bnr. 15	Trafikktryggleik, innsyn og mest mogleg redusert støy er viktig for dei som har eigendomar i Stakaldefossen. Ønske om støy-innsynskjerming til næringsområdet og ikkje støyande og forureinande verksemder i K4. Grunneigarane ynskjer at vegen til K4 skal etablerast i den lange slakke svingen i god avstand til det første huset i Stakaldefossen. Vegen Stakaldefossen bør ha permanent fartsgrense på 30 km/t og over innkøyrslle til K4 skilta med «innkøyring forbode» <u>Kommentar:</u> Det vert regulert areal til vegetasjonsskjerm i planforslaget for Stakaldefossen. Innkøyrslle til næringsområdet er lagt i svingen før Stakaldefossen 24. Fartsgrense og skilting er ikkje ein del av planframlegget.
Knut Even Hole Gnr. 47 Bnr. 6	Innspel om at utkjørsla deira saman med 47/11 til E39 ligg omlag i krysset E39/FV613, og vil bli berørt av ei utviding av krysset. <u>Kommentar:</u> Innspel er knytt til område som er utanfor planavgrensinga for Stakaldefossen.
Knut Even Hole og Anita Hole	Innspel til utviding av plan og kryss ved deira eigedom. <u>Kommentar:</u> Innspel er knytt til område som er utanfor planavgrensinga for Stakaldefossen.
Johannes Fleten Gnr. 47 Bnr. 7	Innspel om å bli løpande informert om endringar/forslag for vegkryss E39/FV613. <u>Kommentar:</u> Innspel er knytt til område som er utanfor planavgrensinga for Stakaldefossen.

Når plan for Stakaldefossen vert lagt ut på høyring og offentleg ettersyn har offentlege instansar og andre interessentar moglegheit til å kome med innspel til planen.

2.3.2. Offentleg ettersyn/høyring

Detaljreguleringsplanen for Stakaldefossen gbnr. 351/1 mfl. Var på høyring 07.04.2025-25.05.2025. Det kom inn 5 merknader i samband med offentleg ettersyn/høyring, hovudtrekk er oppsummert under.

Avsendar	Hovudtrekk i innspel
Statens Vegvesen, datert 23.04.2025	Planområdet grensar ikkje til offentlig veggrunn, men vi føreset at det har vore dialog med fylkeskommunen dersom det vert endra trafikkmengde i krysset med fv.613. Utover dette har vi ikkje merknader til saka. <u>Kommentar:</u> Teke til orientering.
Noregs vassdrags- og energi- direktorat, datert 30.04.2025	Dersom de ikkje alt har gått gjennom rettleiaren rår vi dykk til å gjere det, og vurdere om våre saksområde er teke omsyn til i planen. De må vurdere om planen tek omsyn til nasjonale og vesentlege regionale interesser, jf. NVE rettleiar. Naturfareutgreiingar som er tinga etter 01.01.2025 skal meldast inn til NVE. <u>Kommentar:</u> NVE sine saksområde er teke omsyn til i planen.
Statsforvaltaren i Vestland, datert 21.05.2025	Landbruk og jordvern: Utkast til reguleringsføresegner seier i punkt 1.5.1 Massehandtering at matjord innanfor området skal handsamast i samsvar med «Matjordplan – Sunnfjord næringspark – K4» datert 22.11.2023 av Norsk Landbruksrådgiving Vest. Denne planen gjev ei detaljert omtala av korleis matjorda med undergrunnsjord skal handsamast for å sikre matproduksjon. Planen har gjort ei vurdering av matjorda i K4, og viser at matjorda i planområdet har stor verdi både i A-sjiktet og B-sjiktet. Matjorda i K4 skal flyttast for å brukast til matproduksjon ein annan stad. Statsforvaltaren legg til grunn at dette vert følgd opp slik det er omtala. <u>Kommentar:</u> Føresegner sikrar handtering av massar ihh. til matjordsplan.
Vestland fylkeskommune, avdeling for Kultur og folkehelse (KFO), datert 23.05.2025	Den Trondhjemske postveg, som er regulert med omsynssone, ligg i områdereguleringsplan Moskog industriområde frå 2023, men utanfor område til detaljreguleringsplan Stakaldefossen. Vi har såleis ingen merknader til planen. <u>Kommentar:</u> Ok
Advokat Harris på vegne av grunneigar gbnr. 351/1	Reguleringsplanen har som konsekvens at 4 da. fulldyrka areal blir erverva til fordel for ein voll og vegetasjonsskjerm for eit begrensa tal bustadhus der «nyttan» er begrensa og udokumentert, ikkje oppfyller den interesseavveginga der fordelane med tiltaket vurderast opp mot eventuelle ulemper, derunder for å sikre ei løysing som er til det beste for samfunnet som heilskap. Dei vurderer at det ikkje er omsyntatt at dei mister 4 daa fulldyrka areal ved etablering av voll, og at det gjer at driving av det resterande arealet ikkje er rekningssvarande.

	Dei meiner det ikkje er påvist på kva måte dei får erstatta arealet på 4 daa gjennom matjordplanen. Eigar av gbnr. 351/1 har ingen merknader til planforslaget om å flytte tilkomstvegen i områdereguleringsplane til der den faktisk er bygget. <u>Kommentar:</u> Interesseavveging knytt til omdisponering av jordbruksarealet vart gjort ved vedtak av områdereguleringsplanen, og dette er såleis avklara på eit overordna nivå, både i kommuneplan og områderegulering. Viser til at Matjordsplan (2023) av Norsk Landbruksrådgiving Vest har vurdert matjord innanfor heile teigen (K4), inkludert eigedom 351/1. Føresegner til reguleringsplan for Stakaldefossen sikrar handtering av massar etter matjordsplan og rekkefølgekrav sikrar opparbeiding av voll/vegetasjonsskjerm. Privatrettslege tilhøve knytt til eventuelle erstatningsareal er elles ikkje ein del av detaljreguleringsplanen.
--	--

3. Planstatus og rammer for planarbeid


3.1. Planstatus

3.1.1. Overordna kommuneplan

Arealdel til kommuneplan for Sunnfjord kommune 2024-2035

Gjeldande overordna kommuneplan for Sunnfjord kommune er *Kommuneplanen sin arealdel 2024 - 2035* (planID 2021001). Kommuneplanen vart sett i kraft 20.06.2024.

Raud heiltrukken strek i figuren under syner omtrentleg plassering av planområdet i forhold til gjeldande KPA.




Figur 6: KPA for Sunnfjord kommune 2024 - 2035. Raud omriss syner omtrentleg plassering av plangrense (Kommunekart.com).


3.1.2. Gjeldande reguleringsplanar i området

Områdereguleringsplan Moskog industriområde (Førde 2012, Jølster 2013)

Området er omfatta av områdereguleringsplan for Moskog Industriområde som den gong var delt opp mellom Førde og Jølster kommune. Den består dermed av to plankart som følgjer den tidlegare kommunegrensa. Føresegna er likelydande.



Figur 7: Plankart til Områdereguleringsplan Moskog industriområde, trådte i kraft 2013 (planID: 4647_14312008001) tidl. Jølster kommune. Raud sirkel syner område for planområdet.




Figur 8: Plankart for Områdereguleringsplan Moskog industriområde, trådte i kraft 2012 (planID: 4647_143220110004) tidl. Førde kommune. Raud sirkel syner område for planområde.

Planen for Stakaldefossen vil erstatte delar av gjeldande områdereguleringsplan Moskog industriområde.

3.1.3. Pågåande planar

Detaljreguleringsplan Sunnfjord næringspark aust (planID: 4647-20220004)

Det er sett i gang arbeid med utarbeiding av detaljreguleringsplan for Sunnfjord næringspark aust (Planid: 4647-20220004), sjå blått omriss i figuren under. Reguleringsplan for veg til Stakaldefossen (raud strek) ligg innanfor planområdet for reguleringsplan Sunnfjord næringspark aust.



Figur 9: Blått omriss syner pågåande planarbeid av detaljregulering Sunnfjord næringspark aust. Raud heiltrukken strek syner omtrentleg plassering av ny reguleringsplan for veg til Stakaldefossen. Utsnitt henta frå Kommunekart.

Kvifor eigen reguleringsplan for Stakaldefossen?

Planarbeid for Sunnfjord Næringspark aust (planid: 4647-20220004) (blått omriss i figuren over) har pågått over lenger tid. Planen er kompleks og skal blant anna leggje til rette for større område med næringsverksemd, opparbeiding av nytt kryss ved E39, gang- og sykkelveg, tilkomstvegar inn i næringsområda og ny bru over elva Jølstra.

Deler av den gjeldande områdeplanen Moskog industriområde (planID: 4647_14312008001) i området stemmer ikkje overeins med dagens situasjon. Dette gjeld vegen opp til Stakaldefossen, til trafostasjon og Jølstra Kraftverk. Vegen ligg i dag lenger

nord enn det den er regulert til i områdeplanen. I tillegg ynskjer ein å sikre nødvendig areal til opparbeiding av voll mot dei eksisterande bustadane i nord ved Stakaldefossen.

Når planen for Sunnfjord Næringspark aust vert vedteken, skal planen for Stakaldefossen innlemmast i denne planen. Reguleringsplan for Sunnfjord Næringspark aust skal til slutt gjelde for heile området.

3.2. Rammeføresetnader og retningslinjer

3.2.1. Overordna rammer og planar


Plan	Rammer
Vassforvaltningsplanen for Vestland vassregion 2022-2027	Vassforvaltningsplan er eit viktig verktøy for å oppfylle vassforskrifta sine mål om heilskapleg beskyttelse og berekraftig bruk av vassmiljøet og vassressursane.
Kommuneplanens arealdel for Sunnfjord kommune	Planområdet er i hovudsak avsett til LNFR-område og Kombinert bebyggelse og anleggsformål i kommuneplanens arealdel.
Regional plan for klima 2022 - 2035	Regional plan for klima er eit viktig verktøy for å styrke klima- og miljøarbeidet i Vestland og er forankra i regional planstrategi for Vestland 2020 - 2024. Planen trekker fram 5 viktige mål for klimaomstilling i Vestland fylke: • Redusere direkte klimagassutslepp • Redusere klimafotavtrykket • Trygt og robust Vestland • Sikre naturmangfald • Klimarettferd og folkehelse
Samordnet areal- og transportplanlegging	Samordna bustad-, areal- og transportplanlegging bidrar til effektive og sikre transportløyser, at det vert bygd tilstrekkeleg bustader og at areal vert forvalta berekraftig. God planlegging av kompakte byer og tettstader reduserer transportbehov og gjer at innbyggaren kan gå, sykle og bruke kollektivtransport på dei fleste av sine reiser.
Statlige planretningslinjer for klima og energi	Formålet med retningslinjene er å sikre at klima og energi vert vektlagt i planlegginga etter plan- og bygningslova og øvrig myndigheitsutøving og virksomhet i staten, kommunane og fylkeskommunane. Klima omfattar både reduksjon av klimagassutslepp, karbonopptak og -lagring og tilpassing til forventna klimaendringar. Retningslinene skal bidra til at: - Norge når sine nasjonale klimamål som fastsett i klimaloven - livsgrunnlaget og naturmangfaldet vert sikra for dagens og framtidige generasjonar - god forsyningssikkerheit for energi vert oppretthaldt - samfunnet og økosystema vert førebudd på og tilpassast klimaendringane - arbeidet med å redusere klimagassutslepp, meir effektiv og fleksibel energibruk, betre klimatilpassing og andre miljømål ses i samanheng - stat, fylkeskommunar og kommunar får klargjort sine roller og ansvar - kommunar og fylkeskommunar prioriterer klima- og energiomsyn i sin myndigheitsutøving, og kommunane i sin verksemd.

Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021 – 2033	Planen har som hovudmål at Vestland skal vere det leiande verdiskapingsfylket basert på berekraftig bruk av naturressursar, grøn næringsutvikling og innovasjon. Det er sett fire satsingsmål: • Grøn næringsutvikling – Eit næringsliv i Vestland med netto nullutslepp i 2030 • Innovative og inkluderande samfunn – Verdiskaping og nye grøne arbeidsplassar i heile fylket • Areal til næringsutvikling – Rett areal til rett formål til rett tid • Kompetanseutvikling i arbeidslivet – fleire arbeidstakarar med rett kompetanse.
Regional planføresegn om lokalisering av handel i Sogn og Fjordane	Handelsføresegna legg til rette for nytt bruksareal for handel i fylkessenter, regionsenter, senter i BAS område, kommunesenter, samt i lokalsenter (bygder). Dette gjeld nytt bruksareal, og utvida bruksareal knytt til eksisterande bygningar for handel. Måla er mellom anna: • Redusere klimagassutslepp og styrke klimatilpassing i tettstadar og bygder. • Oppretthalde og styrke det eksisterande service- og tenestetilbodet i tettstadar og bygder. • Lokalisering av handel og andre aktivitetar som generer transport innanfor sentrum i tettstadar. • Sikre gode og føreseielege vilkår for utvikling av handels- og servicetilbod. • Redusere utbygging i landbruks-, natur- og friluftsområde, og ivareta nasjonale og regionale mål om jordvern og biologisk mangfald. • Legge til rette for ein handelsstruktur i fylket der handelstilbodet i byar, tettstadar og bygder utfyller og styrker kvarandre.
VA-norm for Sunnfjord kommune	Normen inneheld dei tekniske krava kommunen har vedteke for å sikre den tekniske kvalitet med omsyn til overordna målsetting i planer og rutinar når kommunen skal eige, drive og vedlikehalde anlegget.
Kulturminneplan for Førde kommune 2018 – 2030	Planen skal gje grunnlag for målretta sikring, vedlikehald, informasjon om og tilrettelegging av kulturminne, i tillegg til å vere ein viktig kunnskapsbase og fagressurs for ulike brukargrupper. Kulturminneplanen er ikkje uttømande og må oppdaterast jamleg etter kvart som det vert oppdaga og registrert nye kulturminne.
Strategisk næringsplan for Sunnfjord 2019 - 2022	Overordna mål for næringsplanen er å vidareutvikle ein sterk vekstregion i nye Vestland fylke med Sunnfjord kommune som motor. Planen skildrar korleis Sunnfjord kommune kan vere offensiv i næringsarbeidet og at kommunen skal vere eit naturleg førsteval for nyetableringar. Det inneber å vere utviklingsorienterte, og møte næringslivet med ei positiv innstilling. Kommunen har eit samfunnsansvar og må vere lojale til eksisterande planverk, men arbeidet skal utførast med ei offensiv ja-haldning.
Trafikktryggingsplan 2022 – 2025	Visjon: Ingen drepte eller hardt skadde trafikantar i Sunnfjord kommune. • Det skal ikkje førekome ulukker med personskade der fotgjengarar og syklistar er innblanda • Sunnfjord Kommune og Førde tettstad skal ivareta sin rolle som nasjonal sykkelby • Redusere talet på utforkøyringsulukker og fokus på sikring av sideterreng.

4. Dagens situasjon

4.1. Dagens arealbruk

Området som skal regulerast omfattar eksisterande privat tilkomstveg (Stakaldefossen) som leier opp til eksisterande bustadar, vannkraftanlegg og til trafostasjon. Tilgrensande område er i hovudsak eksisterande bustader og jordbruksareal. Elva Jølstra renn forbi planområdet i vest. Arealbruken er i arealressurskartet AR5 registrert som fulldyrka jord (oransje farge), samferdsel (brun farge), open fastmark (grå farge), skog (grøn farge) og bebygd (rosa).



Figur 10: Utsnitt av dagens situasjon. Raud stipla strek syner omtrentleg planavgrensing.

Følgande beskrivingar er knytt til dei ulike areala:

Fulldyrka jord: Jordbruksareal som er dyrka til vanlig pløyedybde, og kan nyttast til åkervekst eller til eng, og som kan fornyast ved pløying.

Samferdsel: Areal som nyttast til samferdsel, i hovudsak veger og jernbane.

Open fastmark: Areal som ikkje er myr, og heller ikkje er jordbruksareal, skog, bebygd eller samferdsel.


Skog: Areal med minst 6 tre pr dekar som er eller kan bli 5 m høge, og som er jamt fordelt på arealet.

Bebyggd: Areal som er utbygd eller betydeleg opparbeida, samt tilstøtande areal som i funksjon er nært knytt til bebyggelsen.

4.2. Landskap

Planområdet ligg i landskapsregion 22 Midtre bygder på Vestlandet, ref. NIBIO sitt nasjonale referansesystem for inndeling av landskapsregionar (Puschmann, 2005). Landskapet rundt planområdet er prega av avrunda paleiske fjellformer som omkransar det relativt opne landskapsrommet. Fjelltoppen Halvgjerda, 833 moh, står som ein vegg og tydeleg landskapselement nordaust for planområdet.

Golv i rommet er småkupert med skogkleddde åsar og naturmark. Eit større ope areal av dyrka mark ligg rett aust for planområdet med innslag av tett skogsvegetasjon. Omkring planområdet ligg det større menneskeskapte element i form av anleggsområde og industri. Eksisterande høgspeintliner, anleggsvegar og større planerte område med massedeponi og bygningar bryt opp landskapet og verkar som blikkfang i det elles skogkleddde landskapet.



Figur 11: Foto frå omkringliggande landskap (Asplan Viak AS)



Figur 12: Bilete teke frå Holsavegen med retning opp vegen Stakaldefossen. Utsnitt henta frå Google maps.

4.3. Naturmangfald

Ingen raudlista artar eller viktige naturtypar blei registrert. Planområdet ligg innanfor eit større område frå Stongfjorden til Kjøsnesvågen som er avgrensa som viktig for reinsdyr (kartlaget «arter av nasjonal forvaltning»). Reinsdyr er vurdert som nær trua (NT) i Norsk rødliste for artar.

I konsekvensutgreiinga for områdereguleringen for Moskog blir planområdet gitt verdi som beiteområde for hjort. Planområdet for Stakaldefossen inngår i dette beiteområdet. Konsekvensutgreiinga slår fast at det i området finst både lokale beitetrekk og sesongvise trekk frå sommarområde til vinterområde, og vilttrekk og beite for hjort får generelt viltvekt 1-3. Ut frå denne informasjonen kan vilttrekket karakteriserat som ein lokalt viktig landskapsøkologisk samanheng, noko som svarar til verdien middels.


Av framande artar er det registrert hagelupin (SE) og rødhyll (SE).



Figur 13. Viser plasseringa til dei registrerte framande artane (lilla punkt). Kjelde: Artskart.

4.4. Kulturminne

Det er ikkje kartlagt kulturminne innanfor planområdet, jamfør Naturbasekart og Askeladden.



Figur 14: Utsnitt henta frå Naturbase. Raud sirkel syner omtrentleg plassering av planområdet

4.5. Friluftsliv


Det er ikkje kartlagde viktige friluftslivsområde innanfor planområdet, jamfør Naturbasekart.



Figur 15: Utsnitt henta frå Naturbase. Raud sirkel syner omtrentleg plassering av planområdet.

4.6. Landbruk

Innanfor delar av planområdet er det registrert fulldyrka jord med stor verdi, jamfør Nibio Kilden. Det er også fulldyrka jord med stor verdi på begge sider av vegen til Stakaldefossen, utanfor planområdet.



Figur 16: Utsnitt av arealressurskart, henta frå Nibio Kilden.

4.7. Infrastruktur


Veg

Planområdet har tilkomst via Fv613 Holsavegen, som leier inn på tilkomstvegen Pv5115 Stakaldefossen. Tilkomstvegen leier vidare til bustadar i nord og mot Moskog trafostasjon i aust. I dag er fartsgrensa på tilkomstvegen 50 km/t. Det er ikkje registrert ÅDT på vegen, jamfør [vegkart \(SVV\)](#). Holsavegen er registrert med ÅDT 1000 i år 2023. Det er ikkje registrert trafikkulukker på vegen Stakaldefossen.

Det er ikkje registrert vegbreidde på Stakaldefossen jamfør vegkart, men breidda er om lag 6m fram til avkøyrsløp til trafostasjonen. Her vert breidda redusert til om lag 5m.

Vatn og avlaup

Det er utarbeidd VAO-plan for Stakaldefossen. Det er ikkje kommunal vassforsyning i området. Figur 17 syner utsnitt frå Granada sin nasjonale grunnvassdatabase, som ikkje har registrert nokon grunnvassborehol i nærleiken av planområdet. Figuren viser dei tre næraste fjellbrønnane i området.




Figur 17: Registrerte fjellbrønner frå Granada - Nasjonal grunnvassdatabase. Utsnitt henta frå VAO-plan.

Tilgrensande bustadar til planområdet, som t.d. 315/9-12, 351/15, 351/17, 351/19, 351/22 m. fl., har privat løysing for vassforsyning. På gbnr. 351/19 og 351/2 er det to uregistrerte borehol som forsyner alle bustadane i nærområdet. Borehol markert med 1 i figur 18 under er primærbrønn, medan borehol markert med 2 er reservebrønn.



Figur 18: To uregistrerte fjellbrønner i nærleiken av planområdet. Utsnitt henta frå VAO-plan.


Det er ikkje kommunal avlaupshandtering i området. Figuren under syner registrerte private slamavskiljarar/septiktankar i nærleiken av planområdet, henta frå Fylkesatlas.



Figur 19: Registrerte slamavskiljarar/septiktankar. Utsnitt henta frå VAO-plan.

Overvatn

Figuren under syner eksisterande OV innanfor planområdet. I nord-aust, markert med punkt 1, er eit bekkeinntak med rist, OV-røyrer er i dimensjon Ø1000mm, vist i figur 20.



Figur 20: Utsnitt av eksisterende OV. Utarbeidd av Asplan Viak AS.



Figur 21: Bekkeinntak i punkt 1. Utsnitt henta frå overvassplan.

Frå bekkeinntaket i punkt 1 går det OV-røyr i Ø1000 mm betong i retning sør-vest, langs med Stakaldevegen, med utløp til Jølstra. Ved punkt 2 er det også eit bekkeinntak, i dimensjon Ø315, som går i røyr mot nord-vest til punkt 3, og går saman med OV-røyrret frå punkt 1. I punkt 4 er det ein OV-kum med flat slukrist som er kopla på røyrret mellom punkt 2 og punkt 3.

Avrenning inne på planområdet føl naturlege avrenningsvegar på veg og terreng, for det meste avrenning frå veg til grøft og sideområder, der slukrist i punkt 4 fangar opp avrenning frå sørsida av vegen. Avrenninga blir ført inn på røyrsystemet mot Jølstra, eller infiltrerer i grunnen.

Høgspent

Det er ikkje høgspentlinjer innanfor planområdet.


4.8. Naturfare

Skred

Planområdet ligg ikkje utsett til for skredfare i bratt terreng, jamfør NVE Atlas.

Områdeskred

Storparten av planområdet ligg innanfor aktsemdsområde for kvikkleire, jamfør NVE Atlas.



Figur 22: Aktsemdssone for kvikkleire. Utsnitt henta frå NVE Atlas

I samband med detaljregulering for Sunnfjord næringspark aust (planid: 4647-20220004), er det utarbeidd vurdering av områdeskredfare: *Områdeskredfare Sunnfjord Næringspark*, av dato 11.12.2024, Asplan Viak AS. Planområde for veg til Stakaldefossen ligg innanfor det kartlagde område. Rapporten baserer seg frå tidlegare grunnundersøkingar i området.

Rapporten konkluderer med: *Område K2 og K3, samt delar av område K4 og vestleg del av planområdet ligg utanfor aktsemdskartet for kvikkleireskred. Resterande del av planområdet ligg innafor aktsemdskartet for kvikkleireskred, men på bakgrunn av tidlegare utførte grunnundersøkingar er det vurdert at det heller ikkje er fare for områdeskred her. Det er vurdert at heile planområdet tilfredsstiller lovverket sitt krav til sikkerheit mot områdeskred.*

Sjå rapport om områdeskredfare og ROS-analyse for meir informasjon.

Flaum

Delar av planområdet ligg innanfor aktsemdsområde for flaum, jamfør NVE Atlas.




Figur 23: Delar av planområdet ligg innanfor aktsemdsområde for flaum. Utsnitt henta frå NVE atlas.

I samband med dispensasjonssøknaden for Sunnfjord næringspark aust er det utarbeidd vurdering av flaum for næringsområda K2, K3 og K4, *Vurdering flom*, av dato 01.12.2023, (Asplan Viak AS).

For planframlegget til Stakaldefossen er det gjort ei førebels/overordna flaumvurdering. Berekningane for eksisterande situasjon frå 2023 er oppdatert med meir finmaska rutenett og Manningverdier. Parameter utover dette som innstrømmingspunkt, modelltype, terrengmodell og vannmengde er uendra frå 2023.


Resultata frå dei to modelltypane for klimajustert 200-årsflom i eksisterande situasjon er vist i figur under. Hovudflaumvegen går utanom Stakaldefossen 24, men rører Stakaldefossen 34 (og 36) i eksisterande situasjon. Stakaldefossen 24 får noko vannansamling i lågpunkta på tomte, men berre i nedbørsmodellen.



Figur 24: Eksisterende situasjon. Dybdeplott fra innstrømningsmodell er vist med blått og nedbørsmodell er vist med flerfarget (gul og grønt).

5. Omtale av planframlegget og verknader

5.1. Planlagt arealbruk



Figur 25: Framlegg til plankart. Utarbeidd av Asplan Viak AS.

5.1.1. Arealtabell

Arealformål	
§12-5. Nr. 1 - Bygninger og anlegg	Areal (m²)
1800 - Kombinert bygge- og anleggsformål (KBA)	1366,5
Sum areal denne kategori:	1366,5
§12-5. Nr. 2 – Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur	Areal (m²)
2011 - Køyreveg (o_KV1)	1150,6
2011 - Køyreveg (f_KV2)	1989,4
2012 - Fortau (o_FO)	297,5
2019 - Annan veggrunn - grøntareal (o_AVG)	21,4
2019 - Annan veggrunn - grøntareal (o_AVG)	188,7
2019 - Annan veggrunn - grøntareal (f_AVG)	306,8
2019 - Annan veggrunn - grøntareal (o_AVG)	175,4
2019 - Annan veggrunn - grøntareal (f_AVG)	234,4
2019 - Annan veggrunn - grøntareal (f_AVG)	302,7
2019 - Annan veggrunn - grøntareal (o_AVG)	15,0
Sum areal denne kategori:	4681,9
§12-5. Nr. 3 – Grøntstruktur	Areal (m²)
3060 - Vegetasjonsskjerm (f_VS)	3417,6
Sum areal denne kategori:	3417,6
Totalt alle kategorier:	9466,0

Omsynssoner	
§12-6 - Omsynssoner	Areal (m²)
140 - Frisikt (H140)	28,2
140 - Frisikt (H140)	45,8
140 - Frisikt (H140)	4,4
320 - Flomfare (H320_1)	164,2
320 - Flomfare (H320_2)	319,1
320 - Flomfare (H320_3)	231,3
320 - Flomfare (H320_4)	1967,3
320 - Flomfare (H320_5)	250,3
320 - Flomfare (H320_6)	17,5
Sum areal denne kategori:	3028,1
Totalt alle kategorier:	3028,1

5.1.2. Bygningar og anlegg

Kombinert byggje- og anleggsformål (KBA)

Formålet omfattar areal som i områdeplan for Moskog industriområde (planID: 4647_14312008001 er regulert til kombinert bebyggelse- og anleggsformål (KBA) og Veg5_P med tilhøyrande grøfteareal.

Det vert ikkje fastsett utnyttingsgrad eller andre føresegner knytt til føremålet, KBA, i denne planen. Byggegrensa er sett i formåls grensa og planframlegget legg såleis ikkje opp for tiltak innafor KBA. Detaljreguleringsplan Sunnfjord næringspark aust vil fastsette meir konkret kva arealformålet i byggeområdet skal vere, og kva føresegner, utnyttingsgrad, m.m. som skal knytast til føremålet.

5.1.3. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

Køyreveg (o_KV1)

Vegen fram til avkøyrsla til næringsområdet er regulert til offentleg. Vegen er regulert med breiddeutviding på deler av strekket og vert elles regulert i tråd med eksisterande situasjon.

Køyreveg (f_KV2)

Formålet omfattar privat/felles vegareal som leier opp til bustadane i nord og til vannkraftanlegg og trafostasjon. Sørleg del av vegen skal utvidast noko i samband med avkøyrse til næringsområdet. Elles vert vegen regulert i tråd med eksisterande situasjon.

Fortau (o_FO)

Formålet omfattar nytt fortau frå avkøyrse til næringsområde, og eit stykke vidare ned langs o_KV1. Fortauet skal koplast til gang-/sykkelveg som vert regulert i detaljreguleringsplan for Sunnfjord næringspark aust (planID: 4647-20220004). Fortauet har ei breidde på 3 m.

Annan veggrunn - grøntareal (o_AVG)

Formåla omfattar annan veggrunn knytt til den offentlege vegen (o_KV1). Breidda er 1,5m, med unntak av område i sør som er 9m på det breiaste.

Annan veggrunn - grøntareal (f_AVG)

Formåla omfattar grøntareal langs med felles/privat veg (f_KV2). Innanfor formålet er det tre eksisterande avkøyrslar som leiar til privat bustad, samt ei avkøyrslar til eksisterande traktorveg. Avkøyrslene vert vist med pil i plankartet.

5.1.4. Grøntstruktur


Vegetasjonsskjerm (f_VS)

Formålet omfattar areal som i områdeplan for Moskog industriområde (planID: 4647_14312008001) er regulert til vegetasjonsskjerm (V4, V5) og Veg5_P med tilhøyrande annan veggrunn. I og med at vegen er oppført lengre nord vert området regulert til Vegetasjonsskjerm (f_VS).


Vollen skal beplantast med stadeigen vegetasjon eller på ein annan tiltalande måte. Vollen skal følgje eksisterande veg og ha helningsgrad 1:2 ut mot veg og 1:1,5 inn mot KBA.

Maks breidde på voll er 15m og minimum breidd 12m. Maks høgde på voll er 3,5 m, rekna frå vegkanten og opp til toppen av voll, og minimum høgde 3m. Arbeidsteikning for vollen er vist i arbeidsteikning (F010) som ligg vedlagt planen.

Vegetasjonsskjermen skal vere felles for næringstomter innafor område KBA og område K4 i gjeldande områdeplan for Moskog industriområde (planid: 14312008001).



Figur 26: Utsnitt av normalprofil for voll langs K4 (Asplan Viak AS)



Figur 27: Illustrasjon av voll sett frå sørvest (Asplan Viak AS)



Figur 28: Illustrasjon av voll sett mot nordvest, hus på Stakaldefossen 31 er vist til venstre (Asplan Viak AS)

5.1.5. Omsynssoner (§§12-6, 12-7 og 11-8)

Sikringssone: Frisikt (§11-8 a)

I frisiktsone H140 skal det til kvar tid vere fri sikt 0,5 meter over tilstøytane veger sine nivå. Siktsonene er 4x45 og 6x45 og er sett på bakgrunn av:

- Fartsgrense: 50 km/t
- Vegklasse «øvrige boligveg» eller «øvrige lokalveg L2» ihht handbok N100.
- Siktkrav: 45m stoppsikt for begge vegklassane beskrive ovanfor
- Vert rekna som avkøyrslar.
- ÅDT mindre enn 50 bak vollen, og over 50 inn på K4, dvs henholdsvis 4m og 6m siktpunkt inne i avkøyrslene

Flaumfare (§11-8 a)

Innafor sone H320_1-H320_6 er det fare for 200-års flaum (inkludert 20% klimapåslag) jf. flomutredning voll Stakaldefossen, datert 12.03.25.

5.2. Verknader av planframlegget

5.2.1. Landskap

Planframlegget skal regulere dagens situasjon utan særskilde inngrep i landskapet. Vegen i planområdet er allereie regulert i KPA for Sunnfjord kommune og bygd, og vil i seg sjølv ikkje påverke landskapsbiletet i stor grad. Inngrep i planområdet skjer i form av noko utviding av vegen Stakaldefossen, ei ny kort strekke med fortau langs eksisterande veg, areal til annan veggrunn, samt etablering av voll mot framtidig industriområde. Vollen innafor f_VS skal bestå av stadeigen vegetasjon eller beplantast på annan tiltalande måte. Landskapsbiletet vil ikkje verte betydeleg endra som følgje av tiltaka. Derav «ubetydeleg endring» for landskap og landskapsbiletet.



Figur 29: Illustrasjon av voll sett frå sørvest med Stakaldefossen 24 i front (Asplan Viak AS)

Illustrasjonen over viser vollen sin utforming. Døme på bygg innanfor næringsområde er vist med 15m høgde, då dette er maks byggehøgde sett i områdeplanen for Moskog industriområde (planID: 4647_14312008001).

5.2.2. Naturmangfald

Tiltaket påverkar eit lokalt viktig vilttrekk med verdien middels. Påverknaden vurderast å være ubetydeleg. Ubetydeleg endring og middels verdi gir ubetydeleg konsekvens.

Det er registrert framande artar innanfor planområdet. Før ei eventuell igangsetting må framande artar kartleggast på nytt, og det må lagast ein tiltaksplan for handtering av massar infisert med framande artar.

5.2.3. Kulturminne

Det ligg ingen kulturminne eller kulturmiljø innanfor planområdet. Det er likevel viktig at ein under opparbeiding av området søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk eller kulturminne.

5.2.4. Friluftsliv

Det er ikkje kartlagt viktige friluftslivsområde i planområdet. Det er registrert friluftslivsområde i nærleiken som vert nytta til fottur, sykling og ridning. Planframlegget vil

ikkje påverke friluftsområde i nærleiken. Temaet vert vurdert til å ha «ubetydeleg endring» for friluftsliv i området.

5.2.5. Landbruk

Delar av landbruksareal langs med vegen Stakaldefossen, skal omgjera til fortau og anna veggrunn – grøntareal. Det er også sett av areal, som i dag er registrert som fulldyrka jord med stor verdi, til framtidig voll (omlag 4 dekar). I samband med utarbeiding av detaljreguleringsplan for Sunnfjord næringspark aust, har Norsk Landbruksrådgiving Vest utarbeidd matjordsplan som gjeld matjord i område K4, *Matjordsplan Sunnfjord Næringspark – K4 (2023)*. Matjordsplanen omfattar også areal i aust innanfor detaljreguleringsplan for Stakaldefossen. Innanfor planframlegget for Stakaldefossen er det registrert jord med stor verdi (rødt i figur under). Matjordsplanen viser mellom anna mengde og bruk av matjord, framgangsmåte ved flytting og beskrivelse og vurdering av mottaksareal. Figuren under viser erstatningsareal i nærområdet (vist med grønt).

Matjorda vert handtert i henhold til matjordsplanen, jf. Føresegn 1.5.1. Matjordsplanen ligg vedlagt planframlegget.



Figur 30: Utsnitt av verdivurdering av matjord, med foreslått erstatningsareal (Norsk Landbruksrådgiving Vest).

5.2.6. Infrastruktur

Vatn og avlaup

Jamfør VAO-plan er tiltak innanfor planområdet vurdert å ikkje påverke eksisterande private vatn- og avlaups-installasjonar. Det vil heller ikkje vere behov for nybygging av slik infrastruktur som er relevant for reguleringsplanen.

Overvatn

I praksis er endringane før og etter utbygging av vollen relativt små for avrenning. VAO-planen konkluderer med: *Iht. Flomutredning Voll Stakaldefossen tyder berekningane på at flaumsituasjonen for planområdet og for husa Stakaldefossen 24, 34, og 36 forblir tilnærma uendra som følge av etablering av vollen. Flaumvegane er tilstrekkeleg sikra og det er ikkje naudsynt med ekstra overvasstiltak ut over det som eksisterer i området i dag.*

Sjå vedlagt VAO-plan og ROS-analyse for meir informasjon.

Høgspent

Ingen høgspent innafor planområdet.

5.2.7. Støy

Ved gjennomføring av reguleringsplanen vert Miljøverndepartementets retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging, T-1442/2021, lagt til grunn både i anleggs- og driftsfasen. Føresegn 1.5.4 sikrar omsyn til støy.


Gjennom dispensasjon i samband med Detaljregulering Sunnfjord næringspark aust er det sett vilkår for arbeid og aktivitet i område K4.

5.2.8. Naturfare

Flaum

Planområdet ligg innanfor aktsemdsområde for flaum. For planframlegget til Stakaldefossen er det difor gjort ei førebels/overordna flaumvurdering. Det er lagt til grunn 200-årsflom med 40 % klimapåslag, sjølv om det ikkje skal byggast noko som vert omfatta av sikkerheitsklasser i TEK17 §7-2. Formålet med flaumvurderinga er å svare ut Byggteknisk forskrift § 7-1 som seier at andre parter ikkje skal få auka flaumfare som følge av eit tiltak (her voll).

Resultata tyder på at vollen ikkje gjer flaumsituasjonen verre for omkringliggande hus, jf. § 7-1 i TEK 17. Hus i Stakaldefossen 24 går klar av hovudvasstraumen i både eksisterande og utbygd situasjon. Hus i Stakaldefossen 34 og 36 er allereie flaumutsett ved 200-årsflom i dagens situasjon, og etablering av voll gir ingen endring i flaumsituasjonen for disse.



Figur 31: Framtidig utbygd situasjon (Kjelde: Flomutredning voll Stakaldefossen, datert 12.03.2025).

Risiko- og sårbarhetsanalyse

Med utgangspunkt i reguleringsplanforslag for Detaljreguleringsplan Stakaldefossen del av gbnr 351/1 m.fl., er det gjennomført ei risiko- og sårbarhetsanalyse (ROS-analyse). Analysen er utført i tråd med DSB sin rettleiar Samfunnssikkerhet i kommunens arealplanlegging (DSB, april 2017) og etterkjem plan- og bygningslova sine krav om ROS-analyser ved all planlegging (jf. plan- og bygningsloven §4-3).

Følgande moglege uønska hendingar er identifisert, basert på gjennomgang av overordna ROS-analyse, fagrapportar, aktsemdskart og gjennomgang av sjekkliste (kap. 4 i ROS-analyse):

- Flaum i vassdrag
- Kvikkleireskred

Risiko og sårbarheit for dei aktuelle hendingane er analysert ved bruk av eige analyseskjema (ROS-analysens kapittel 7). Vurdering av sannsyn og konsekvens er basert på erfaring frå tilsvarende tilfelle, statistikk og fagleg skjønn. Risiko for den enkelte hendinga er fastsett ved bruk av ei risikomatrise med kategoriane grøn, gul og raud risiko. For hendingar i raude områder er risikoreduserande tiltak påkravd, for hendingar i gule områder bør tiltak bli vurdert, mens hendingar i grønne områder inneber ein akseptabel risiko.

Resultat av risikoanalysen er summert opp i tabellen under med forslag til risikoreduserande tiltak.

Tabell 1 Resultat av risikoanalysa med forslag til risikoreduserande tiltak

	Uønska hending	Risiko			Forslag til risikoreduserande tiltak
		Liv/ helse	Stabilitet	Materielle verdiar	
1	Flaum i vassdrag				- ROS-analysa avdekkar ikkje behov for risikoreduserande tiltak. Flaumvegane er tilstrekkeleg sikra og det er ikkje naudsynt med ekstra overvasstiltak ut over det som eksisterer i området i dag. - Faresone for flaum vert lagt inn i plankartet
2	Kvikkleireskred				ROS-analysa avdekkar ikkje behov for risikoreduserande tiltak.

Kjelder

- Regionale planar Vestland fylke: [Regionale planar og strategiar - Vestland fylkeskommune](#)
- Kommuneplanen sin arealdel 2024 - 2035, Sunnfjord kommune: [arealplaner.no](#)
- [Sunnfjord kommune](#)
- [www.klimaservicesenter.no](#)
- [Vegkart](#)
- <https://kommunekart.com/>
- Forureina grunn: [Om forurenset grunn - grunnforurensning - miljodirektoratet.no](#)
- Naturbasekart: [Naturbase kart](#)
- Nibio Kilden: [Kilden - arealinformasjon](#)
- NVE Aktsemdskart: [NVE Atlas](#)
- Data om risiko og sårbarhet for naturhendelser [www.dsb.no/kunnskapsbanke](#)
- Skogbrannpotensiale NIBIO wms ([www.dsb.no](#))
- *Områdeskredfare Sunnfjord Næringspark* (11.12.2024) av Asplan Viak AS
- *Vurdering flom* (01.12.2023) av Asplan Viak AS.
- Overordna ROS for KPA Sunnfjord kommune: [2021001 KPA 2024-2035 V9 Konsekvensutgreiing og ROS juni 2024.pdf](#)
- FylkesROS: [FylkesROS | Statsforvaltaren i Vestland](#)
- *Matjordplan Sunnfjord Næringspark - K4* (22.11.2023) Norsk Landbruksrådgiving Vest.
- *VAO-plan Stakaldefossen* (11.03.2025) av Asplan Viak AS
- *Notat Flomutredning voll Stakaldefossen* (12.03.2025) av Asplan Viak AS